

Fra: Tor Hegle
Sendt: 13. februar 2014 14:31
Til: 'svenn'
Emne: VS: Om kloakkutløysing for utbygging etter reguleringsplan Kløve Nord (id nr.1263-0107 2007).

Fra: Tor Hegle
Sendt: 13. februar 2014 14:28
Til: 'svenn→_haug@hotmai.com'
Kopi: Hogne Haugsdal; Ordførar Lindås; Atle Dingen; Arne Eikefet
Emne: Om kloakkutløysing for utbygging etter reguleringsplan Kløve Nord (id nr.1263-0107 2007).

Hei Svenn Hauge.

Eg viser til telefonsamtale med deg i går, 12.02.14. Telefon frå meg til deg vart ført som følgje av ein førespurnad til Ordførar vedkommande ein merknad frå deg om kommunen si behandling av søknad om avlaupshandtering tilknytt planlagt bustadområde på Kløve Nord.

Bakgrunn for søknad om utslepp.

Eg oppfatta telefonsamtalen slik at bakgrunnen for utsleppssøknaden frå Lindås Rør og Sanitær den 09.06.12, låg i å finne alternativ il høge utbyggingskostnader knytt til rekkefølgjekrava i reguleringsføresegnene. Du ynskte å etablere ein rimelegare løysing ved å etablere eige mindre reinseanlegg (for heile byggefeltet Kløve nord) i staden for å knyte feltet til eit offentleg kloakkanlegg.

Etter føresegnene pkt.2.2.2/3., er det krav om ein rammeplan for VA.

Eg opplyste om at etablering av eit alternativ til planen tinga søknad om dispensasjon frå reguleringsplan/føresegner, og at dette ikkje var stetta i søknaden frå Lindås Rør og sanitær. Vidare opplyste eg om at ein søknad om dispensasjon skulle vere grunna, - at økonomiske grunnar normalt ikkje vert sett på som tilstrekkeleg grunngjeving, - men at du var fri til å søkje.

Framdrift på offentleg VA-anlegg.

Eg opplyste òg at framdrifta og kostnadene på kommunens investeringar til ny VA framføring kunne henge saman med Lindås Tomteselskap si utvikling på Kløve bustadfelt.

Tomteselskapet opplyser på telefon i dag (13.02.14) at dei ikkje har hatt økonomi til å utvikle området sitt fult ut. Dei har prioritert slik dei at har vore i kontakt med bygdelaget korleis dei vidare kan utvikle feltet. Pr i dag veit ikkje tomteselskapet når oppstart av dei kommunale leidningane kjem i gang (forlenging av VVA til byggetrinn 2).

Vidare framdrift i saka.

Vi var samde om at kommunen skulle vente med å behandle søknaden om utslepp som du sendte inn via Lindås Rør og Sanitær den 09.06.12.

Vi var vidare samde om at kommunen sitt svarbrev av 20.03.2013 til Lindås Rør og Sanitær var tilstrekkeleg svar inntil vidare.

Vi var òg samde om at du, driftsavdelinga og eg skulle ha eit møte der vi saman så på kva løysingar som kan vere aktuelle.

Følgjande punkt kan mellom anna vere aktuelle i møtet:

1. Avgjer om søknad frå Lindås Rør og Sanitær den 09.06.12 skal leggst bort.
2. Kven har ansvar for å legge fram VA plan i samsvar med føresegnene pkt.2.2.2/3 og få denne godkjent?
3. Kven skal/kan forskottere offentleg VA-anlegg fram til byggefeltet Kløve nord?
4. Kva løysingar er naudsynte – og kor store investeringar må ein rekne med skal til?
5. Kan ikkje reguleringsplanen for Kløve Nord frå 2007 gjennomførast slik den ligg føre?

Eg er takknemleg for tilbakemeldingar på denne eposten om eg ikkje har forstått deg rett.

Eg tar kontakt med deg om møte så snart eg finn ledig tid saman med Driftseininga.

Kopi av denne eposten går til ordførar, rådmann, driftsavdelinga til orientering.



Med helsing
Tor Hegle, Einingsleiar
Areal- og miljøeininga, Lindås kommune.

Vurdér verknaden for miljøet før utskrift. Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet. E-post jobb: postmottak@Lindas.kommune.no. Postadresse: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Møteadresse: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41. Tel. + 47 56375642. Mob.: + 47 95968182.